



Uskedalselva ved Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Ei svært viktig sak under årsmøtet til Uskedalen Grunn- og Elveeigarlag var ei eventuell ny verdisetjing av elveressursane for rettshavarane (grunneigarane), som det er 42 av. Men noko avklaring vart det ikkje på møtet. Det var sterk tvil mellom dei 20 framkomne om det verkeleg er trong for ei ny verdisetjing og om det er klokt å starta ein slik prosess.

Det heiter i gjeldande driftsplan at det skal startast ei alternativ verdisetjing, men om det verkeleg er trong for ei slik er det delte meiningar om. Det vart vedteke på årsmøtet at styret skal gjennomføra ei rundspørjing til grunneigarane og koma attende til saka på neste årsmøte. Dei vil bli spurde om dei går inn for ei ny verdisetjing og kva den eventuelt bør gå ut på.

Det er etter kva uskedalen.no høyrer nokre få grunneigarar som har utløynt denne saka. Kjerna i ho er at grunneigarane no får utbetalt luter etter skyldmark, Dermed får ein med eit stort bruk men eig ei kort lengde langs elva ein stor lut. Samstundes får ein som eig "mykje elv" og kanskje har ulemper med trakk og tilkomst men har eit lite bruk, ein liten lut. Dette er ikkje rett, meiner nokre av grunneigarane.

Leiar Kåre Vetthus peika på at det er mange måtar å gjennomføra verdisetjinga på, til dømes etter kor lang elvestrekning ein eig.

Trond Myklebust kom med framlegg om at ein først skulle kartleggja haldningane til grunneigarane.

Tormod Myklebust tykte ikkje at det er rett å neglisjera den historiske bakgrunnen for verdisetjinga.

Bjarte Døssland fann det meir aktuelt å gå inn med tiltak for dei som i dag har dei største ulemper. Han advara mot å endre noko som verkar bra.

Kristian Bringedal opplyste at denne saka har vore oppe før men at konklusjonen då var at det ikkje bør bli noko endring. Ein kompensasjon for ulemper kan vera ei betre løysing, meinte også han.

Dette var eit synspunkt fleire slutta seg til, mellom andre Hans Reidar Kjærland.

Leiar Vetthus: - Hvis 95 prosent er fornøyd, må det vera mogeleg å få dei resterande fem prosent til å bli det same.

Arne Terje Haugland: Ein skal vera varsam med å endra noko som fungerer bra.

Av Ola Matti Mathisen